Vestmannen

Nr 3 Bergen, 20. mars 1995 11. årgang

Skulemålsstatistikk i vente?

Noregs Mållag set upp statistisk database

Vidar Høviskeland frå Uggdalseidet hev eit engasjement i Noregs Mållag fram til mai, der han arbeider med å setja upp ein landsfemnande skulemålsstatistikk på ein database, bygt på tal frå fleire år. Han skifter på arbeidsstad millom Oslo og Uggdalseidet.

Rang statistikk

Vidar Høviskeland fortel til Vestmannen at det hev ikkje kome pålitande skulemålsstatistikk sidan 1991. Fram til 1991 førde Statistisk sentralbyrå skulemålsstatistikken. Deretter tok departementet (KUD) yver.

For 1994 er det kome ein statistikk frå departementet, men alle tali er snaudt rette. Noregs Mållag hev søkt departementet um tilskot til å få retta på statistikken, og er viljug til å taka seg av dette. Men det er eit stort arbeid, for alle tal må kryss-sjekkast og det lyt ringjast rundt til alle skulekontor i landet, fortel Vidar Høviskeland.

Ikkje departementet si skuld

Høviskeland legg vekt på at skuldi for miséren etter hans syn ikkje ligg i departementet. Årsaki til den misvisande statistikken er heller å søkja rundt um på skulane og i heradi, der det hev vore mistydingar hjå dei som fyller ut skjemaet. Han vonar å få fullføra uppbyggingji av databasen i den pårekna engasjementstidi. Det er meiningi å byggja inn upplysningar frå tidlegare år i databasen, som dimed vil verta til stor hjelp for alle som søkjer sætande innsyn i skulemålet rundt um i landet, og i lokale svingingar og brigde i upplæringsmålet.

Vidar Høviskeland kann ikkje segja noko visst um dei urette tali i skulemålsstatistikken for siste åri er so store at dei gjev seg statistisk påviselege utslag. Serleg er dette slik sidan feili er slumpesame og upåreknelege, og dei gjeng båe vegar. So langt Vidar Høviskeland.

16,9% nynorsk skulemål?

Etter den statistikken som er tilgjengeleg for 1994 ligg den nynorske skulemålsprosenten i grunnskulen på 16,9%. Dette er det same som i 1993. Men det er grunn til å understreka at statistikken for båe desse åri må lesast med varsemd. Og med heilt rette tal er det ikkje utenkjeleg at prosenten kunde verta *litt* avvikande. Men avviket er truleg sers lite.

Vestmannen legg til for eigi rekning at den rette skulemålsstatistikken frå 1991 synte ein nynorskprosent på 17%, det same som i 1990. Det hev vore sagt at sidan 1977 (16,4%) hev det ikkje funnest attendegang for nynorsken i skulen, men er tali for 1993 og 1994 rette, er der eit atterslag som sant nok er sers lite - 1 promille. Dersom det tilsynelatande vesle atterslaget er røynleg, hev det truleg meir å gjera med lokal folkeflytting og skulenedleggjing enn med målslege grunnar. Endå um utslagi fær med målet å gjera. Det styrkjer ikkje stoda på vår kant at ein lut av målsrørsla framleis er uviss og trivlande i den ideologiske umtenkjingi som er eit livskrav i etterkant av målblandingshildringane.

Vestmannen nr. 4

Som tidlegare år kjem ikkje Vestmannen ut i april, påskemånaden. Nr. 4 av bladet vert dagsett den 20. mai. Det vert eit Opedal-nummer som heidrar den store folkeminnesamlaren og fondsskiparen Halldor O. Opedal; han hadde vorte 100 år den 26. mai 1995.

I dette bladet:

Skulemålsstatistikk i vente?	1
Vestmannen nr. 4	1
Ordtøkjet	1
Ludv. Jerdal: Kunstnaren i skugge	2
Ludv. Jerdal: Spelemann frå Fana	2
Johan A. Schulze: Brev frå Amerika	2
Listamål (retting)	2
J. Kr.: Stabilisering ?	3
Ludv. Jerdal: Biskop med nye "kirkenavn"	3
Vestmannalaget	3
Gåvor til Vestmannen	3
Norsk Bokreidingslag rasjonaliserar	3
Sagt	4
Landsnamnet i skotlina	4
Ludv. Jerdal: Norrøn itrott	4
Bjarne Rabben: Magdalena Thoresen	5
Telefonen	5
Askevold-stemna 1995	5
Jardar Eggesbø Abrahamsen: Eit tradisjonalistisk syn på ordtilfangett	6
Orknøy-utstilling på UB i Bergen	7
Bjarne Rabben: Med målbøker i skreppa	8
"Fjellebekken" med nye uppgåvor	9
Renate Riemeck: Motreformasjonen	10
Ola Stemshaug: Det gamle gards- og grannesamfunnet	11
Olav H. Hauge: Her har eg butt	11
L.B. Marøy: Kyrkja på Mære	12
Aasen-instituttet ein røyndom	12
NMU-landsmøtet	12
Musealt	13
Ludv. Jerdal: Sjur Hesjevoll	13
Noregs gamle merke	13
Lars Bjarne Marøy: Tuftekallen	14
Noreg i Nord-Fron	14
O. Lavik: Champagne til Mademoiselle	15
Jostein Krokvik: St. Peters lyklar	16
Bok um Tormod Vågen	16
Sluttordet	16

Ordtøkjet

Han er sjølv vond,
som trur alle er vonde.

Etter Ivar Aasen

Kunstnaren som levde i skuggen

Bilethoggaren Ingebrigt Vik frå Øystese i Hardanger var ein fin og skapande kunstnar. Um det vitnar skulturar som er reiste mange stader, og dertil den sjeldsynte samlingi som finst i Ingebrigt Vik-muséet i hans eigi heimbygd. Han hev vorte kalla kunstnaren som levde i skuggen av ein annan kunstnar, den store Gustav Vigeland.

Kulturjournalist Reidar Storaas frå Norheimsund er sambygding til Ingebrigt Vik, og no siste året kom boki hans um kunstnaren frå Øystese. På eit møte i Vestmannalaget fortalde Reidar Storaas levande og forvitneleg um kunstnaren og verki hans. Me fekk ei skildring um cin ung mann som hadde treskjerarar i ætti og som byrja med å skjera ut ting på faren sin snikkarverkstad i Øystese. So kom han til Bergen, i læra hjå skulptør Frank Johannessen. Det var Johannessen som fekk Ingebrigt Vik i veg til København. Dit kom han i 1880-åri, og no fekk han modellera, og hogga i stein. Seinare kom han til Bergen og fekk nytta lærdomen sin der. Mange hus i Bergen hev takrosettar og listverk som er laga av Ingebrigt Vik.

Men den store draumen hans var å verta bilethoggar, å syna sine draumar i kunstverk. Og etter ei utstilling han hadde, slo Koren-Wiberg fast at Vik var bilethoggar.

Storaas fortalde um 15 års kunstnargjerning, um Ingebrigt Viks fine og harmoniske naturalisme. Vik vann tevlingane um Abel-monumentet i Oslo, um Camilla Collett-monumentet og um Bjørnson-statuen i Bergen, men det var Gustav Vigeland som fekk utføringi. Han sende utkast til Eidsvolls-monumentet, og det var eit stort vonbrot at nemndi ikkje godtok det. Vik rekna skulpturen "Ynglingen" for sitt hovudverk, og elles er Grieg-statuen i Byparken i Bergen eit av hans store verk. Det var Conrad Mohr som gav Vik det uppdraget.

Mange gode portrett, helst av born og av eldre menneske, let han etter seg. Han testamenterte skulpturane sine til Øystese ungdomslag, som reiste det fine museumsbygget i 1934. Der er 150 arbeid, etter 15 års kunstnargjerning.

I ein samtale etter fyredraget vart det m.a. peika på kor verdfullt det var at kunstnarar med talent ikkje gav upp, trass i motgang og trass i tronge økonomiske kår fordi folk ikkje kjøpte kunst. Og Sveinung Ones hadde eit godt nummer av det handskrivne bladet.

Ludv. Jerdal

100-årsminne um spelemann frå Fana

Det er 100 sidan den kjende Fana-spelemannen Ingvald Hop vart fødd, og Kjell Thomsen hev i samband med minneåret gjeve ut eit fint tilbudd hefte som hev titelen "Fanasoge". Rådet for folkemusikk og folkedans hev gjeve stønad til utgjevingi.

Kjell Thomsen er systerson til spelemannen Ingvald Hop, og han hev gjenom mange år skrive mykje frå soga um spelemenn, um kappleikar og um norsk folkemusikk. I dette nye heftet fær me og mykje forvitneleg frå soga um den gamle kulturbygdi Fana. I Hop-ætti var det mange gode spelemenn og tradisjonsberarar. Foreldri til Ingvald Hop var Lauritz Th. Hop som var bonde på Hop og spelemann, og mori Larsine var frå Gamlehaugen på Fjøsanger. Far hennar, Simon Madson Gamlehaugen, var ein av dei siste bøndene på Gamlehaugen fyrr Christian Michelsen kjøpte garden og bygde slottet sitt der, det som no er kongebustad.

Ingvald Hop vart ein stor spelemann, og fleire brør og ei syster spela òg hardingfela. I denne syskinflokken var Lorentz Hop den store og landskjende meisterspelemannen, han var fast spelemann i Bondeungdomslaget i Bjørgvin i ei årrekkja, og seinare spelemann i Bondeungdomslaget i Oslo, og han var vinnar i mange landskappleikar og lokale kappleikar. Desse brørne var spelemenn i 4. generasjon, og båe var meisterspelemenn. Dei kunde både dansespel og konsertspel, og det var ein heller sjeldsynt kombinasjon.

Ingvald Hop var på mange spelferder der han både spela og tala. Han tok fyrstepremiar i spel på landskappleik i Kristiania, og i 1931 vann han fyrstepremi og Mosafinn-pokalen. I 1936 vann han 1. premi på Vestlandskappleiken i Bergen, og i 1937 tok han 1. premi på Landskappleiken i Oslo. Han var millom dei fremste på fleire landskappleikar. Han var servitør på kaféar, lengste tidi i Oslo, og der var han ein mykje nytta spelemann. Men diverre døydde Ingvald Hop alt i 1939, berre 46 år gamal, Han fekk lungebrand, og livet stod ikkje til å berga.

Ingvald Hop vart gravlagd på kapellkyrkjegarden i heimbygdi Fana, på Øvsttun. Mange spelkjennarar som høyrde Ingvald Hop spela, hev kome med sterke vitnemål um kor stor spelemann han var. Jamvel um han måtte leva i skuggen av broren Lorentz Hop, som var sjølvaste storkulten i den kjende spelemannsætti på Hop i Fana.

Ludv. Jerdal

Brev til Amerika

Det er eit forvitneleg bilæte av tilhøvi i Gudbrandsdalen me fær når me les brevi av Ivar Kleiven - 13 i talet - og dei gjev oss sers litande skildringar. Denne brevrekkja tek til i 1905, og siste brevet er frå 1913. Dei vart sende til Decorah-Posten der ungdomsvenen Kristian Prestgard var redaktør. No er brevi samla i ei serskild bok, "Brev til Decorah-Posten", og ho kom ut i 1994 frå Dølaringen Boklag. Det er Gudmund Harildstad som hev seti i redaksjonen. Utgjevingi er studd av Vågå Historielag, Vågå kommune og Kulturseksjonen, Oppland fylkeskommune.

I denne utgåva kjem det med ei rad gode teikningar av Olav Hanslin, og umframt finst det tvo kart-teikningar yver Nord-Gudbrandsdalen av Gunnhild Sofie Vestad.

For historikarar er brevi frå Ivar Kleiven svært verdfulle, og dei inneheld mange utfyllande upplysningar som det elles kan vera vanskeleg å finna upphavet til i andre kjeldeskrifter. Kleiven tek fyre seg mange emne, både kulturelle og materielle, til dømes utdikingi av Selsmyrane som kom i stand etter mange hindringar. Brevi skriv han på norsk-dansk i ein god stil, men han nyttar ofte bygdemålsord frå Gudbrandsdalen innimillom. I eit brev til Kleiven frå 19.11.1911 skreiv Prestgard fylgjande: "Dine dølebrev til "Posten" er næsten altfor gode. De er snarere små afhandlinger". Desse ordi gjev vitnemål um at Kleiven-brevi er viktuge for sogegranskingi i Gudbrandsdalen for ein tidbolk fyrst i 20. hundradåret. Det er forvitneleg å lesa um den gåverike Langrustætti, og der var det folk med kunstnargivnad, smedar og treskjerar; her kan nemnast kyrkjespiret på Heidals-kyrkja som eit vyrdeleg minne.

I brevsamlingi etter Kleiven finn me ord som *kaldbolk* um ei tid med kalde dagar, *sprengkalde* (for sprengkulde) og *vindkaver* med snjo eller regn - som alle syner norsk upphav. So les me vendingi *på våg og visk* som vert sagt når noko er på det uvisse, *hardsette* (i fleirtal) um folk som toler mykje, er hardhuda, og *greifaren* um ein som er greid, litande og real. Me ser ei form som *skjefte*, ein grasvokster med det latinske namnet Equisetum hyemale, og fleire ord og vendingar av interesse i norsk språkleg samanheng.

Johan A. Schulze

Listamål

Det nye bandet av Listamål av Njål Vere er *ikkje 363* sidor slik me skreiv i nr. 2, men *463* sidor. Det er Njål Vere som minner oss um dette, og han legg til at *Listamål I* kom i 1993, *Listamål II* i 1994, og *Listamål III* er påreknа å koma no i 1995.

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar kr. 150,- for året
Studentpris kr. 100,-

Kan tingast på poststader og frå
Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen
Telefon 55 31 79 29 /55 16 37 32

Bladstyrar:
Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 02 14 29

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde
Telefon 55 99 15 25

Prenta hjå:
Nytrykk
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 0 2 13 07

Tilskrift for all post: Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Stabilisering?

Dersom skulemålsstatistikken frå departementet for 1993 og 1994 er tilnærma rett, er prosenten for nynorskupplæring i grunnskulen 16,9%. Dette viser ein ørliten nedgang frå 1991 på 0,1% - frå 17% til 16,9%. Etter det katastrofale atterslaget som tok til i 1945, som heldt fylgje med samnorsk-køyret og skrapa botnen i 1972 med 16,4%, er nedgangen no på 0,1% fyrste sporet av nye tap. Dette skal ikkje yverdrivast. Men nedgangen øydelegg den myten at frå 1972 hev det gjenge berre motsett veg.

Var det sannsynleg grunnlag for myten? Me vil knyta målstoda til uppattbyggjingi av målet og målideologien. Og då vert den vonfulle myten noko forhasta. I skulemålet hev dei rett nok fenge att **me**, og det er tillate å skriva **so** og ei **gata**. Men me ventar vedvarande på valfritt i-mål og a-mål, jamstelt skrivemåte med **d** i ei rad ord, godkjenning av nokre einskildord og styrkjing av tviljodar. Og same um målblandingsideologien er utan framvon og kraft og hev prova sin øydeleggjande verknad for nynorsken, kan me endå serhendes høyra spreidde målblandingstonar. I tvo avisor såg me nyleg innlegg, rett nok einstaka, som utan påviseleg kjennskap til siste 50 års målsoga luftar utslitne slagord mot tradisjonell nynorsk - museumsmål og umoderne. Det motsette må etter logikken vera, framleis, det bokmålslike!

So lenge slike fortidsrop let seg høyra, er det berre å slå fast at uppattbyggjingi ikkje er komi langt nok, korkje i mål eller ideologi. Uppattbyggjingi er, slik me ser det, vilkåret for pålitande stabilisering. Me må difor ikkje undrast um det skulde koma nye små atterslag i skulen. Fyrst med ei stabilisering som nemnt kan den umtala myten verta meir enn rhyte.

J. Kr.

Biskop med nye "kirkenavn"

Mulighetenes kirke er vigslet, sa biskop Ole D. Hagesæther då han vigsla den Erdal kyrkja på Askøy. Og i referatet i Bergens Tidende les me at den nye Bjørgvinbispen hev valt å henta fram ein gamal skikk i samband med "kirkevigsler".

Ja, ja; noko bør ein vel finna på, når ein er ny og skal markera seg. Takk skal Bergens Tidende ha som gjorde oss kjende med ein namneskikk som skal vera so gamal og som no vert dregen fram or gløymsla. Um den "gamle skikken" heiter det: "Biskop Hagesæther har valgt å hente frem en gammel skikk i forbindelse med kirkevigsler. I tillegg til kirkens navn, ønsker han å gi nye kirker en egen betegnelse, som blir ført inn i kallsboken ved siden av det offisielle navnet. For vel en uke siden vigslet han Haga kirke i Samnanger og omtalte den som Kallets kirke. Nå skal Erdal kirke ifølge biskopen være Mulighetenes kirke". -

No var det å vona at me kunde få vita kva tid denne formi for namnedåp sist var i bruk, og kva fullmakt ein biskop hev til å setja ekstranamn på kyrkjor. Og til å gjeva deim alle "kirkenavn". Veit ikkje biskopen noko um målstoda i bispedømet han er komen til? Veit han at i dette bispedømet er det eit stort fleirtal av kyrkjelydar der folk faktisk både skriv og segjer "kyrkja" um gudshuset sitt? Freistar han no å sabotera alle desse, med merkelege namn i "kallsboken"? Skal ogso gamle kyrkjor få nye namn? Og i fall det vert reist mange nye kyrkjor, kan det verta vanskeleg å finna nye namn som det er klang i. Det kan lett enda med at ei ny kyrkja fær namnet "Tilfeldighetenes kirke"-

Ludv. Jerdal

VESTMANNALAGET

Torsdag 16. mars på Bryggens Museum. Årsmøte, ope for alle. Tidlegare skulestyrar Ingjald Bolstad talar, truleg um Lars Eskeland.
Torsdag 6. april på Bryggens Museum.. Upplæringsleidar Jan Spurkeland (visediktar og songar) vil kåsera, syngja og lesa eigne dikt.
NB! Merk at dette møtet vert halde tidleg i månaden på grunn av påskehelgi. Påska gjer at me ikkje kann ha møtet midt i månaden, og sist i april er lokalet uppteke.

Torsdag 11. mai kl. 19 vert det møte på Hotell Hordaheimen. Det vert eit Frigjeringsmøte med bordseta og god mat (ikkje middag). *Ludvig Jerdal talar um tukthustidi i Tyskland.* Dessutan anna program. Påmelding til formannen, tlf. 55 16 37 32. Pris kr 100,-.
Bladet Tuftekallen på alle lagsmøti!



Gåvor til Vestmannen

Robert K. Anderson, Hovin i Telemark, 50. Olga Vatnamot, Sirevåg, 100. Arne-Ivar Kjerland, Sætre, 50. Magne Myhren, Oslo, 50. Eyvind A. Dalseth, Surnadal, 50. Jørgen Tveiten, Hosanger, 50. Per Aak, Kviteseid, 50. Olav Kjelsvik, Voss, 100. Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150. Marta Alvhild Tryti, Olsvik, 50. Johan Forsmo, Oslo, 50. Bård Eskeland, Oslo, 100. Torvid M. Edvardsen, Szczecin, Polen 50. Oddmund Hoel, Ås, 50. Anne Gullestad, Bergen, 150. Sigrid Omland Hansteen, Oslo, 100. Helga E. Mehl, Rosendal, 200,-.
I alt denne gongen kr 1400,-.
Hjarteleg takk for hjelp! Vestmann

Norsk Bokreidingslag rasjonaliserar

Norsk Bokreidingslag rasjonaliserar drifti, fortel Jon Askeland, som er styreformann og leidar for forlaget. Bokreidingslaget hev gjenge inn i eit samarbeid med Centraltrykkeriet i Bergen, slik at Centraltrykkeriet tek seg av boktingingar og bokutsending. Det vert no lettare for kundane å nå Bokreidingslaget gjenom telefon og telefaks til kvar tid. Vonleg vil dette syna att i kvikk ekspedering og auka boksal, segjer Jon Askeland.
Norsk Bokreidingslag hev fenge ny tilskrift: Norsk Bokreidingslag, Postboks 684, 5001 Bergen. Telefon: 55 31 66 29. Fax: 55 32 03 56.

Sagt:

Demokrati 1
Det er noko som heiter demokrati. Sume skriv jamvel avisartiklar og småskrifter um det. Kva meiner dei i grunnen med det fine ordet? - Eg trur at fyrr tenkte me på at "demokrati", det skulde gjeva både dei einskilde borgarane og dei einskilde ånds- og kulturstraumane i folket rikare høve til til å veksa og falda seg ut, so sant det gjekk i sømd og æra. Dermed skulde heile nasjonen veksa og verta rikare. Kulturell og åndeleg fridom, - jau, me tenkte på det! Einsretting av ånd og kultur med hardhendt statsmakt - då det ordet kom hit upp til oss sunnanfrå for ikkje so altfor mange år sidan, då krossa me "demokratar" oss".
Gustav Indrebø i Gula Tidend mars 1940

Demokrati 2
Men kva meiner eigenleg tvangsmennene no? Hev kulturell einsretting ved statstvang *imot viljen åt store folkegruppor vorte demokrati no*?
Gustav Indrebø i Gula Tidend mars 1940

Svikt eller svik
Vanskelege tider og demokrati krev både lojalitet og godvilje frå folket si sida. *Men vanskelege tider og demokrati krev og godvilje og romsleg sympati frå dei styrande si sida andsynes folket.* Syner ikkje styremakti slik romsleg skynsemd mot rimelege fridomskrav, men let ill vilje råda, so er det *ho* som sviktar.
Gustav Indrebø i Gula Tidend mars 1940

Garborg
At han skulle stilla seg i spissen for eit kulturelt tidsskrift med rot i det norske og med ambisjonar om å formidla det som kom utanifrå, var heilt naturleg og rett. Han sette ein høg standard. Og skriftene hans dementerer med all mogeleg kraft alt det tøvet som arrogante urbanistar tyt oss øyra fulle av: at norskdom tyder isolasjon, avstenging og provinsialisme. Det Garborg som formidlar demonstrerer, er det tvert motsette. Føresetnaden for å forstå noko i det heile, er at ein er trufast mot sin eigen lokalitet, sitt eige opphav. Forstår ein ikkje det ein les på norsk og for den del gjerne på jærsk, så har ein ikkje forstått det i det heile. Å utsletta sin eigen identitet for å forstå andre, er intellektuelt sjølvmord. Berre den som er nokon, kan forstå nokon. Det visste Garborg. Eg er ikkje sikker på at alle aktørar i EU-debatten har same innsikt.

Jan Inge Sørbø i Syn og Segn

Landsnamnet i skotlina på språkrådsårsmøtet

På årsmøtet i Norsk språkråd i Bergen 26.-27. januar høyrer me at Noreg-namnet atter kom i skotlina. Fridtjov Sørbø, rådsmann for Norsk Måldyrkingslag, tok ordet til saklista. Han tok upp eit notat um saki og bad det innført i møteboki. Det lyder:

"Som pkt. 8 på saklista for dette årsmøtet er det uppført:

"Seksjonsmøte for nynorsk [for eventuelt å stadfesta vedtak frå arbeidsmøtet 11.-12.10.94.]"

I seksjonsmøtet på Hadeland tok målsmannen for NRK utanum saklista upp eit framlegg um at landsnamnet Noreg vart dryft. Møtestyraren svara at dette ikkje kunde takast upp på møtet.

Målsmannen for NRK kom likevel attende til emnet sitt på tampen av den andre møtedagen. No sa møtestyraren at ho vilde ha "ei rask lufting av saka på slutten av møtet".

Målmannen for Norsk Måldyrkingslag mælte imot at emnet vart dryfta. Etter § 3 i vedtektene kan saker som ikkje stend på saklista avgjerast berre um møtet godkjenner det samrøystes. Her røysta 5 rådsmenn imot. Møtestyraren svara at det ikkje skulde gjerast noko vedtak, men berre haldast ei prøverøysting, og dét var ikkje meir enn ei meiningsmæling.

På saklista til årsmøtet her i dag vert røystingi i seksjonsmøtet på Hadeland kalla eit vedtak. Framgangsmåten på seksjonsmøtet strider mot vedtektene åt Norsk språkråd og likeeins mot fyresegnene og dryftingsmåten.

Stutt sagt: det er ikkje gjort noko vedtak um Noreg-namnet i seksjonsmøtet på Hadeland.

Um nokon vil ha dette emnet upp som sak på møtet i den nynorske seksjonen her i Bergen, trengst det at seksjonen gjev eit samrøystes løyve etter § 3. Ein kan ikkje rekna med at det vil henda. Elles hev språkrådet inkje med landsnamnet å gjera, berre med stadnamni."

Formannen *Tove Bull* sa at saki ikkje vert teki upp på dette møtet. Med styret si tilvising til referatet frå Hadeland-møtet var det meint sakene um ordtilfang og normering, ikkje landsnamnet.
Sørbø: Men landsnamnet stend på same stad som dei tvo andre sakkene.
Kontorsjef Skadberg: Ikkje meint Noregnamnet, for det vart ikkje gjort noko vedtak um det på Hadeland.
Sørbø svara at styret hev med andre ord meint noko ann det som er sett på prent!

Møtelyden fekk ein god lått og saki vart burtlagd for denne gongen.

Skeisor, ski og skaldskap var med i norrøn itrott

Av Ludv. Jerdal

Is-skeisor og ski var med i norrøn itrott. Birkebeinarferdi på ski med vesle kongsemnet Håkon frå Lillehammer til Øysterdalen var ei bragd. Det må ha vore gode skilauparar på den tidi. Fornaldersøgune gjev gode attersyner på folket, ogso um korleis dei dreiv itrott og jakt. Leik og dragsmål stod høgt i interessekrinsen. Skipi, opne båtar med råsegl, var noko av det gjævaste i itrott. Tri nemningar merkar me oss: itrott, leik og skeid.

Dette sa lektor Roald Danielsen på eit møte i Vestmannalaget der han skildra "Itrott i norrøn tid". Meir uventa for møtelyden var det nok at han kunde fortelja at *skaldskap* òg var ein itrott. Der er vitnemåli klåre nok framleis: På Island lever skaldskap, diktekunst, og so seint som no på nyåret gjekk den nordiske litterære prisen til ein islendsk diktar.

Roald Danielsen er islending, han hev i mange år, etter at han vart cand. philol., vore lektor her i landet, og han er no ein kjend historikar og forfattar. I fyredraget sitt fortalde han livfullt um korleis sogeinteressa hans vart vekt alt tidleg i barneåri, og i skulen når læraren fortalde um Olav Tyggvason og andre gjæve itrottsmenner. Olav Tryggvason gjekk på årane når rorskarane hans rodde. Det var ein leik som itrottsmenn dreiv den gongen. Og soga, Snorre-Edda og andre, hev nøgdi av dramatiske sogor, t.d. um Baldur og Loke.

Me er hepne som hev sagalitteraturen å halda oss til, sa talaren. Leik og slagsmål stod høgt i gamal norrøn tid. Grønlendingasaga og Grøttes saga er sterke vitnemål um det. Vår store Helge Ingstad trudde på sagaene um Grønland, han drog dit, og han fann stadfesting på at skildringane av norrønaferdene var sanne. Jamvel um skildringane verkar aldri so eventyrlege.

Det forvitnelege fyredraget løyste ut mange spursmål etterpå. Formannen Leidulv Hundvin nemnde med honnør gamlelæraren sin i Lindås, ein lærar som gjorde soga levande for elevane, og Ludv. Jerdal fortalde um den glimaflokken som kom frå Island til Bjørgvin i eit av etterkrigsåri og hadde med seg kjende islendingar som Sira Eirikur, J. Eiriksson, Larus Salomonsson og Daniel Einarsson. Dei vart mine gode vener på Island, og Eigil Skallagrimsson som var so sterk i itrott og karstykke var samstundes ein av Islands største skaldar, ja, ein av dei store i Norden.

Tuftekallen vart på dette møtet lesen av Lars Bjarne Marøy, og bladet var aktuelt.

Liv på nytt for Magdalene Thoresen

Den danskfødde Magdalene Thoresen var prestefrue i Herøy eit par års tid. Og var ho berre det, hadde ho vel gått ut or minnet for all ettertid. Men den vesle tidsbolken ho fekk i Herøy, opna for diktarevna i henne, og det er grunnen til at ho vart landskjend i si samtid. Ho skreiv bøker. Både prosa og dikt. Ho høyrer til dei gløymde bokskrivarar, er snautt nok nemnd i våre litteraturhistoriske verk. Men i det siste er ho komen til syne på nytt, har fått liv på nytt. Skrivande folk har sytt for det.
Eit riss av hennar historie må eg ta med.

Kven var Magdalene Thoresen?
Mgdalene Thoresen var fødd i Fredericia i Danmark i 1819. Ho hadde ein livleg fantasi, hadde poetisk givnad og var ein sterkt erotisk natur. Ei bestemor hadde lært henne kristendom. Ho søkte seg inn på ein skule i Kjøbenhavn, som utdanna unge jenter til lærarinner. Her kom ho inn i elskhugssamliv med den islandske litteraten Grimur Tompson, eitt år yngre enn ho. Det meinte ho var kjærleik berre frå hennar side og for han berre ei episode. Dette måtte ho ut or. Ho søkte seg til Noreg, der sopneprest Hans Conrad Thoresen i Herøy prestegjeld, Sunnmøre, hadde søkt etter huslærar for dei fem borna sine. Andre kona hans var død. (Ho var vermor til Henrik Ibsen, ho er gravlagd på Moltu kyrkjegard i Herøy.)

Thoresen var stortingsmann, og hausten 1942 var han ferdig med siste tingseta si. Magdalene kom då til Christiania, der Thoresen tok imot henne etter ei stormfull ferd. Ho vart med til Herøy prestegard. Det òg var ei dryg og mødesam ferd.

Det synte seg at ho var gravid. Då det leid til hennar tid, fylgde Thoresen henne til Kjøbenhavn, der ho fødde barnet, eit gutebarn, som vart bortsett. Magdalene kom attende til Herøy prestegard og vart gift med sokneprest Thoresen i oktober 1843.

Det er ei psykologisk gåte at den strenge prelat og 17 år eldre Hans Conrad Thoresen gifte seg med denne "villfarne" jenta. Han må ha vore umåteleg glad i henne. Eller var det faderleg omsorg? Eller var det - som fleire meiner - hans eige barn ho hadde fødd?

Ekteparet flytte til Bergen då Thoresen vart sokneprest til Korskirken i 1844.

Dikting
Det me veit, er at det var Herøy-opphaldet som gav diktarevna hennar utslag. Ho skriv sjølv i "Billeder fra Vestkysten af Norge" at det var ved møtet med Sunnmøre "at der knyttedes en Ledetraad som gjennem et Tidsrum af 57 Aar har baaret op den lige Linie i mit Forfattervirke i det den bandt min Aand til Kystlivets mægtige Saga". Dette skreiv ho då det kom ut nytt opplag til 80-årsdagen hennar i 1899. Kring 20 bøker skreiv ho og dertil nokre skodespel.

For nye lesarar
Eva Braathen Dahr, journalist i Aftenposten, vart gripen av Magdalene Thoresen. Ho skreiv eit skodespel om henne, "Fruen fra Bergen", i 1984. Scener frå dette spelet vart sendt i NRK. I 1988 gav ho ut "Fruen fra Bergen" i romanform. Ho ynskte "å gi henne en annen plass i litteraturhistorien," skreiv ho der.

På 1890-talet var like eins eit par mannfolk - Steinar Gimnes og Arild Linneberg - ute og skreiv om Magdalene Thoresens fyrste bok, "Digte", som kom anonymt, "Af en Dame". Det var ei diktbok som vart funnen estetisk gjennomkomponert i motsetning til diktsamlingar av Ibsen og Bjørnson, vart det sagt.

So kjem Elisabeth Aasen og skriv om Magdalene Thoresen i si bok "Kvinners spor i skrift", på Det Norske Samlaget 1986.

Og no på slutten av året 1994 kom Elisabeth Aasen med ei fin bok med biografi og med utdrag av Magdalene Thoresens bøker. "Billeder fra Midnattsolens Land" er tittelen. På Eide forlag.

Her er utdrag frå bøkene "Livsbilleder", "Billeder fra Vestkysten af Norge" og "Billeder fra Midnatsolens Land". Til slutt ein bibliografi med det som Magdalene Thoresen har skrive og det som er skrive om henne.

I dette utvalet finn me "Min Bedstemoders Fortælling", som førde til brot med venskapen til Bjørnson, frå hans side, ein venskap som ikkje vart heilt borte likevel.

Denne utgåva er noko for seg sjølv med di det er lempa på ortografien. Magdalene Thoresen si rettskriving er modernisert stort sett etter riksmålsrettskrivinga frå 1917. Dessutan er her brukt dobbel konsonant og infinitivsmerket *å* i staden for *at*. Det arbeider er gjort av Brita Strand Rangnes. For den som er kjend med Magdalene Thoresen i hennar rettskriving, tek det seg nok litt framandt ut, det bryt med henner språkstil. Men for nye lesarar lettar det lesnaden.



Fritt val

Telefoninnlegget i nr. 1 fekk ein lesar til å fatna, ei kvinne. Ho segjer at ho ein gong tidlegare i livet gjerne vilde få eit møllag til å senda ei liti takkehelsing til ein mann som var komen på ein høg post, fordi han trutt heldt fast på nynorsk i embetet. Møllagsleidaren spratt i taket og meinte det var ingen grunn til å takka, å bruka nynorsk var den sjølvskrivne plikti i dette tilfellet då embetsmannen var uppvaksen og uppskula i ein målkrins. Ingi takk vart send, og kor det seinare gjekk med embetsmannen og målbruken, veit ikkje Vestmannen. Men kvinna segjer at med ein so firkanta og målmoralistisk tankegang er det ikkje rart um me taper i utrengsmål. Me må skyna og taka på ålvor at målvalet er fritt, same kvar me er uppvaksne og uppskula i landet.

Denne utgåva er til no toppen av dei Magdalene Thoresen-minne som er komne for dagen. Alt dette syner oss at det er vakna ei ny og levande og ekte interesse for hennar liv og dikting.

I tillegg kan nemnast at ein elev ved Hamar lærarhøgskole nett no driv og skriv på ei "prosjektoppgave i litteratur" med Magdalene Thoresen til emne. Det er ei analyse av hennar bok "Studenten", ei jamføring av denne studenten med Garborgs bondestudent Daniel Braut.

Dermed er Magdalene Thoresen komen inn i skuleverket i vår tid.

Bjarne Rabben

Askevold-stemna i 1995

Sigurd Askevold, Canada, emnar på ei stemna i Askvoll i august for Askevold-ætti, som hev røter attende til Anders og Katinka Askevold. Anders Askevold (1834-1900), vidkjend målar og skjemtefull forteljar, var ein av dei tidlege lagslemene i Vestmannalaget, eldste mållaget i Noreg, skipa 21/1-1868. Ætti lever i Noreg, Sverike, Island, Canada, USA, Tyskland og kanskje vidare. I 1987 var det ættegilde saman med Vestmannalaget i Håkonshalli; Vestmannen kom med Askevold-nummer.

Eit tradisjonalistisk syn på ordtilfanget i nynorsk

Av Jardar Eggesbø Abrahamsen

Dette er innleidingi som Jardar Eggesbø Abrahamsen heldt på møtet i nynorskseksjonen i Norsk språkråd, 12.10.1994 (og ho er difor på offisiell norsk). Motinnleidingi til Arne Torp stend i "Språklig samling" nr. 1/1995. Helge Sandøy si innleiding på same møtet um normi i nynorsk stend i "Språklig samling" nr. 3/4 1994.

Eg har eit tradisjonalistisk syn på målrøkt som eg skal koma attende til, men fyrst vil eg nemna to punkt som er av meir generell interesse.

Det fyrste punktet er spørsmålet om det er mogeleg å normera ordtilfanget til eit skriftspråk. Svaret er gjerne ja, men då med eit atterhald. Me kan koma med *tilrådingar* om kva ord ein bør bruka, men ikkje juridiske forbod med straff for den som brukar eit anna ord. Tilrådingane og frårådingane gjer me kjende ved å skriva dei i ordlistone, eventuelt ved at me konsekvent lét vera å føra opp ord eller ordelement som me ikkje likar. Difor stend ikkje "slash" i ordlista, men det stend "skråstrek", sjølv om det finst nordmenn i dag som seier "slash".

Ordlista vil i praksis ha ein sterk normativ funksjon, og det det er dét som lyt vera utgangspunktet vårt. Dagens praksis er å lata vera å føra opp mismætte ord. På dette grunnlaget kan me tala om "forbod" reint språkleg-sosialt, men ikkje juridisk.

Det andre punktet gjeld den historiske grunntanken at nynorsk skal byggja på dialektane. Der vil eg berre ha i bakhovudet at dialektgrunnlaget i hovudsak gjeld det systematiske høvet mellom dialektane, noko som helst kom til uttrykk i morfologi og ortografi. T.d. skriv me *bord* med *rd*, ikkje med *r* eller *l*.

I tillegg til dette meir abstrakte dialektgrunnlaget fanst der ein sterk politisk motivasjon både for landsmålet som fenomen og for normeringi av det. Det var viktig reint politisk at norsk var ulikt dansk på sentrale punkt. Me skulle visa at me hadde eit heilt eige språk. T.d. fekk landsmålet diftongar og ureduserte endevokalar.

For ordtilfanget var det det politiske momentet som vog tyngst. I staden for å taka utgangspunkt i ordtilfanget til det etablerte danske skriftspråket ville dei aktivt dyrka dei ordi som var sernorske, og spesielt dei ordi som kunne gjera norsk markert ulikt dansk.

På denne bakgrunnen er det ikkje nokon gamal tradisjon for at nynorsk skal vera noko enklare enn dansk eller bokmål. Tanken var at me skulle framelska sokalla "norske" ord, og at dei ordi etter kvart skulle verta kjende og naturlege for alle. Dette var ein idé som liknar mykje på dagens politikk med norske avløysarord for engelske framandord og lånord.

Men som me veit, var det slett ikkje alle som tok i bruk landsmålet, og framleis er det nynorsk som er minoritetsspråket. Likevel har me greitt å slita oss til ein språkleg tradisjon, både i ordval og formuleringsmåtar. Til trass for at "frihet" er eit ord som me møter ofte (både i bokmål og dialektane), so er det naturleg for oss å skriva "fridom" når me skriv nynorsk. (I alle fall dei fleste av oss, eg gjer eit unntak for dei som medvite skriv "frihet".)

No er det snart eitt og eit halvt hundreår sidan Ivar Aasen grunnla landsmålet, og det er mykje som har endra seg på den tidi. Bokmålet er ikkje lenger dansk (i alle fall dersom me held oss språkpolitisk nøytrale), og siste verdskrigen demonstrerte tydeleg at sjølv bokmålsbrukarar kan vera glade i landet sitt. Difor vil eg hevda at me ikkje lenger kan taka utgangspunkt i "nasjonalt sjølvstende" når me diskuterer korleis nynorsken skal sjå ut.

Likevel meiner eg altso at me skal halda oss til det tradisjonelle ordmaterialet i staden for bokmålsord, sjølv om dei sokalla "bokmålsordi" er vanlege i daglegtalen. Eit argument som har vorte bruka for dette, er at det skal vera råd å lesa gamle tekster utan for store problem. Den som kan bokmål, kan lesa Holberg i original; det same må gjelda Garborg.

Men skal me klara noko slikt, må me ha ein kontinuitet i den språklege tradisjonen, me må taka vare på dei gamle ordi og halda fram med å vera vane med å sjå dei - elles gjeng lesingi ikkje flytande. Eg har opplevt folk som ikkje eingong skjønar ord som "førebels". Problemet til nynorsken er at han er eit lite bruka språk, me møter det ikkje so ofte; sjølv om me brukar nynorsk til dagleg, møter me bokmål oftare.

Etter dette synet, det å kunna lesa Garborg vandelaust, vil språktradisjonen få ein verdi i seg sjølv. Men i eit språkkløyvt land som Noreg vil me gjerne definera dette sjølvverdet i høve til den andre målformi. Og då er me straks over på dei meir reindyrka språkpolitiske argumenti. Det fyrste av dei er at nynorsk er eit sjølvstendig skriftspråk. Me treng so visst ikkje retta oss etter bokmålet! Det vert altso eit mål i seg sjølv at nynorsk skal vera ulikt bokmål. Med andre språk er det ikkje so viktig; det viktige er at det er ulikt *bokmål*.

Selektiv purisme som dette er ikkje so veldig uvanleg i fleirspråklege samfunn (me kan sjå på det som ei underavdeling av naboopposisjonen). I Belgia, som er fransk- og flamsktalande, skriv dei oftast *kultuur* med *k* på flamsk fordi *cultuur* med *c* ser for fransk ut - begge skrivemåtane er tillatne (Vikør 1988:125).

Men å hevda at nynorsk r eit godt nok språk, dét er éi sak. Noko anna er å fylgja denne påstanden i praksis. Det er fort gjort å freista å *prova* at nynorsk er eit godt nok språk, det er berre dét at dette gjer me ofte ved å visa til at nynorsk ikkje er so rart som folk trur: Det er faktisk lovleg å skriva "beskriva" på nynorsk, ein treng ikkje skriva "skildra" . Me kan jamvel bruka e-infinitivar! Nei, nynorsk er ikkje noko dårleg språk, for det er mykje der som er likt bokmål!

Sjølv Studentmållaget i Kristiansand hev rådt målungdomen til å vera varsame med ord som *lykel* og *røkja*. "Det er ikkje naudsynt å bruke ord som folk ikkje forstår [...]" Sjølv har eg fenge påpakk for at eg skreiv *naudsynt*. Ein annan gong vart eg skriftleg hudfletta fordi eg nytta verbet *røyva*, som vedkomande ikkje forstod, men som er heilt naturleg for meg både i skrift og tale. Han snakka om "Jardars oppstyltede og uforståelege kaudervelsk".

Etter mitt syn skal normeringi av eit språk *ikkje vera avhengig* av forståingsterskelen til dei som ikkje kan det språket, og normeringi skal *ikkje vera avhengig* av vanen til dei som ikkje er kjende med språktradisjonen. Det er mykje oftare me støyter på ord i nynorsk enn i bokmål som er framande for oss. Men dét kjem berre av det som alt er nemnt, at nynorsk er eit lite språk. Hadde me møtt nynorsk like mykje som bokmål, so hadde det ikkje vore noko problem å skjøna at "røyva" tyder "berøre".

Nettopp her er det ordlista kjem inn som kanskje den viktigaste støtta for eit språk som elles vert utsett for eit svært sterkt

Til s. 7

Frå s. 6

press frå eit anna og veldig dominerande språk. Det gjer ikkje saki so mykje betre at nynorsk i utgangspunktet er eit lågstatusmål, men eg vil ikkje lata prestisje avgjera lagnaden til språket.

So vert det sagt at dersom dei nynorske ordi er altfor uvanlege, so vil dei berre støyta folk bort ifrå språket. Dét vil eg ikkje utan atterhald ganga med på. Når nynorsk har ord som kan verka framande, so kjem det no nettopp av det at sjølve *språket* er lite bruka! Dersom ein er van med at ei målform er slik og slik, so er ein van med det, og ein reagarer heller når ein møter ein varietet av skriftspråket som ein ikkje har vore van med før. Det viser seg at folk reagerer negativt både på ord som "me" og ord som "friheit". Eg kjenner til tilfelle der born har hatt ei negativ innstilling til nynorsk fleire år før dei byrjar med det som sidemål på skulen, altso i ein alder der dei umogeleg kan ha noko oversyn over kva nynorsk er for noko.

Vanleg nynorsk er mykje lik bokmål no, men framleis finn me den haldningi at det er eit rart språk. Desse haldningane kjem m.a. til uttrykk i sokalla "nynorske glosor". Kikar me nærare på dei, so er det slett ikkje nynorske tradisjonsord som er dei mest populære "glosone". I ei undersøking som eg gjorde mellom studentane i Trondheim, kom det fram at det i hovudsak er *vulgærord* i slike skjemteglosor: *dritarstugu* ('toalett'), *raparvatn* ('brus'], *rævkvilevippar* ('gyngestol'). Måten som vulgærordi vert nytta på, skulle tyda på at nynorsk er eit språk for folk utan folkeskikk. Dette har då ingenting å gjera med det som nynorsk normeringsdebatt dreiar seg om! Vil me ha fleire nynorskbrukarar, må me heller satsa på å fjerne dei sosiale fordomene.

Om sjølve utsjånaden på språket likevel skulle ha noko å seia for oppslutnaden, so skulle me nesten tru at eldre nynorsk er betre: Det har ikkje akkurat vorte so mykje fleire nynorskelevar sidan krigen. - Eg vil tru dette har mest å gjera med politiske og sosiale tilhøve, det har neppte samanheng med at me har fenge fleire ord på *-heit*.

No har eg bruka ein del tid på å seia at nynorsk skal normerast uavhengig av bokmål. Men dét er ikkje det same som at det skal normerast uavhengig av dialektane. Kan me ikkje berre sjå heilt bort ifrå at bokmål finst, berre boikotta heile bokmålet, og normera etter korleis folk *snakkar*?

Diverre er det slik at om me boikottar bokmålet, so vil ikkje bokmålet boikotta oss.

Eg er sunnmøring og seier at eg har eit *haud* oppå herdane. Eg er ogso vaksen opp med nynorsk som hovudmål. Likevel seier eg ikkje *statsoverhovud* eller *statsoverhaud*, men *statsoverhode*. Og eg seier *hovedfag*, ikkje *hovudfag* eller *haudefag*. Begge desse ordi har eg lært som ungdom i ein del av landet der det er nynorsk som er skule- og avisspråket; og begge ordi har eg lånt ifrå eitt av skriftmåli; nemleg majoritetsmålet bokmål. Nynorsk er ikkje nok påverknadskraftig til at eg skulle låna ordi derifrå. Hadde nynorsk vore stort nok, so hadde eg sikkert sagt både *statsoverhovud* og *hovudfag*.

Dersom me gjeng inn for å taka dei bokmålsrøtte ordi og sleppa dei inn i nynorske ordlistor, so er det svært sannsynleg at dei ordi vil vinna fram og til dels koma i staden for dei tradisjonelle nynorskordi. Nynorsk har i utgangspunktet låg status, og frå ei spørjeundersøking veit eg ogso at nynorsk meir enn bokmål vert sétt på som eit språk der ein helst held seg so nær dialekten sin som mogeleg. I nynorsk freistar altso folk å etablera ei dialektnær målføring, medan dei er meir tradisjonstru mot bokmål (rett nok har det kome fram tidlegare på møtet at nynorsk praksis har fastare former no enn før, men framleis er dei veikare enn i bokmål). Eg tvilar ikkje på at i ein slik stituasjon vil eit nynorsk ord som *fræv* tapa for *fruktbar*.

Slik vil det tradisjonelle nynorske ordtilfanget få endå mindre påverknadskraft på dialektane enn det alt har, og dermed er me inne i ein sirkelargumentasjon: Nynorske ord stend svakt og skal difor framleis standa svakt. Det er snakk om å taka inn ord direkte frå majoritetsspråket, og det skal skje før nynorsk har fenge høve til veksa seg so pass sterkt at det kan påverka dialektane og stetta det normeringsprinsippet som er lagt til grunn.

So vert det sagt at me bør i alle fall nytta slike ord som alle kjenner eller er vane med. Dette er ei anna side av akkurat same saki. Kva folk kjenner, det er avhengig av kva språk som er størst Det er ikkje ordet det er noko gale med når me møter eit nytt ord. Om me skulle taka utgangspunkt i kva folk er mest vane med, og bøya oss for fleirtalet, so hadde ikkje nokon av oss skrive nynorsk likevel.

Eg ser det slik at nynorsk må få lov til å verta normert på eige grunnlag, og ikkje med omsyn til dei som ikkje kan språket. Dei to målformene må heller ikkje få lov til å kappast med kvarandre før dei er jamsterke, for elles vert det ei ujamn tevling.

Me skal ogso hugsa at det er mykje enklare å gjera nynorsk bokmålslikt enn etterpå å gjera det bokmålsulikt igjen. Om me finn ut at me vil ha ein nynorsk som liknar på bokmål, so vert det vanskeleg etterpå å liva opp att dei gamle ordi dersom me ein dag skulle finna på å skifta meining.

Me kan sjølvsagt sjå bort ifrå alt dette som eg har lira ut or meg no, og me kan gjera nynorsk so bokmålsleg som me berre vil, anten me normerer direkte i høve til bokmål eller indirekte via dialektane (som vert mest påverka av bokmål fordi nynorsk er eit so lite språk). Men då er det eit spørsmål kva kva nynorsk målrøkt skal ganga ut på. Gjeng det ut på å få nynorsk til eit språk meir akseptert i samfunnet? Eller er det snakk om at namnet "nynorsk" skal overleva, og so kan det vera det same med korleis språket ser ut?

For meg er nok språktradisjonen viktigare enn kva språket måtte heita.

Litteratur:

Studentmållaget i Kristiansand: "Om konservativt, radikalt eller dialektprega språk. I EG, 3/1994.

Vikør, Lars S.: Språkplanlegging. Oslo 1988.

Orknøy-utstilling på Universitetsbiblioteket i Bergen

Nils-Aksel Mjøs fortel at det 24/2-95 var offisiell opning av ei foto-utstilling frå Orknøyane på Universitetsbiblioteket i Bergen. Fylkesordførar Magnar Lussand opna utstillingi med heilnorsk tale, og ein målsmann frå Orknøyane var med på opningsseremonien..

Etter matøykt var det fyredrag av tvo orknøy-utsendingar, um landkunna, soga og kultur på øyane - som i lang tid høyrde til Noregsveldet, og som sidan kom under Unionen Danmark-Noreg. Ei ny, vakker bok um Orknøyane er nett komi og vart framsynt for dei frammøtte.

Avtala um kultursamkvæmet millom Hordaland fylke og Orkney County vart underskrivi for vél 10 år sidan, i juni 1983 på fylkestingseta på Vossevangen. Og um ei tid vert den vakre fotoutstillingi flytta frå Bergen til Voss.

Med målbøker i skreppa

Av Bjarne Rabben

Bygdebokskrivaren og diktaren Bjarne Rabben frå Moldtustranda på Sunnmøre var på utferd og selde målbøker i Sogn i 1926, 19 år gamal. Han skreiv ei forvitneleg ferdaskildring som me prentar i Vestmannen. Tridje bolken kjem i dette nummeret. Bjarne Rabben er komen til Fjærland.

Etter middagen gjeng me fram åt breden. Det er same kaldtokken og same veldet yver honom som yver grannen hans, Bøyumsbreden. Hadde det vore fyrr på dagen, so skulde me gjenge uppå breden, uppå høgdi, på sjølve Jostedalsbreden, segjer Øygard. Og sagte vilde det vera meg ein fagnad so stor. Men det kan det ikkje vera tale um no. - Det er elles so mange stader eg hev havt hug til å stiga til fjells; men det hev ikkje vore tid til det, og ikkje vert det tid heller. Eg skulde kan henda taka meg tid. For eg veit det vilde vera eit syn so stort, og det vilde vera meg eit minne so rikt. Her kan eg stiga so høgt som eg aldri hev vore fyrr og sjå inni alle ville fjell, inni Jotunheimen. Det er meg ei sorg å tenkja på at eg ikkje skal koma dit upp. Og innyver breden, innyver isvidda - nei, at det ikkje skulde timast meg å sjå den stordomen!

Me stend på ein haug nedanfor breden. Det er Keisarhaugen, fortel Øygard. Tyskekeisaren hev stade her tvo gonger og fenge mat. - Og keisaren hadde slik hug å sjå breden rasa ut. Han sat i sju lange og sju breide og venta, men ingi skride kom. Då var det ein mann - ein bygdamann - som gjekk utpå breden og spente laus ei isblokk som låg der utpå kanten. Isblokki rausa eit stykke, men stogga. Mannen etter og spente henne ein gong til. Jau, då gjekk ho og tok mykje is med seg. Ho tok med seg mannen òg. Det bar i elvi med alt i hop. Mannen fekk berga seg til lands. Han sprang heim med ein gong, skifte klæde og kom framatt. Dette tykte keisaren var so snåpt gjort at han gav mannen 10 kronor. Og det var mykje pengar i dei dagar.

No hev eg altso stade på Keisarhaugen. Og eg hev stade like høgt som keisaren! Men eg vil inderleg vona at eg ikkje må detta like djupt som han.

Å ja, me er berre menneske, både keisaren og eg. "En keiser og en skorstensfeier i grunden like meget veier", sa Aasen. Og ein bok-kræmar er vel ikkje noko undantak.

Burtunder lidi ligg det ein støl. Det er sæterliv her um sumaren. Og då er det bjøllelåt og kuraut under fjell og lokking i lid.



Ein stad ligg det ein sund stokk yver elvi. Den lyt me ganga. "Ein lyt vera linedansar her," segjer eg. Øygard fortel at fyrr i tidi låg det slike stokkar yver elvi fleire stader. Ein gong var det tvo menn som gleid og strauk i elvi. Den eine stakk uppatt lenger nede og fekk tak i nokre greiner som hekk utyver elvebarden, so han berga seg. Med den andre gjekk det verre. Han gleid på stokken og kom ikkje att.

Det er myrkt vorte då eg er på veg nedatt til Skarestad. Det er måneljost. Men månen vinn seg ikkje uppum fjelli. Dei er for høge. Han fær ikkje nå dalen med ein einaste liten stråle. Men ein stad veit eg han lèt alt sitt bleike ljos fløyma ned: Langt der ute, der øyane drøymer i haustarkvelden. Der er det inkje som stengjer. Det skulde einast vera drivande skyer. Men so er han so blank og blid når han smett utatt or skyene.

Det hev vore ein gild dag. Gildt å møta kjentfolk på framand stad. Det er fagnad å få tala um ting heimanfrå. Me tala um ungdomsarbeidet. Han sa si røynsle og gav råd og rettleiding. Styrkt og kveikt tok me velfar med kvarandre. Han skal ut på ei fyredragsferd no - til Sørlandet. Kan henda stikk han ned til Danmark med same, sa han. Han hev mange vener der ifrå tidlegare ferder. Fagnad fylgje honom på ferdi!

Båten gjeng i natt klokka 3. Det er best å ganga umbord med same. So kan eg leggja meg til å sova der. Og sova trygt.

So segjer eg velfar med Fjærland og takkar for helgi. Eg er eit minne rikare.

På Systrondi

Måndag morgon er eg på Systrond, den vene Systrond. Fagert er namnet, og fager er bygdi. Det er venare å segja strond enn å segja strand. Sogningane kan vera byrge av denne formi. Sognamålet er vent. Det hev so djup og sterk ein klang. Best finn ein det i einstaka strok, der malmen ikkje hev fenge danerust på seg.

Mange segjer at landsmålet er so langt ifrå bygdemåli. Og det kan vera noko i det. Ja, *langt* ifrå bygdemåli er det ikkje. Men alle bygdemål hev lote ofra noko. Sognamålet hev ikkje ofra minst.

Når eg talar med folk her, so freistar eg tala reint landsmål - ikkje stivt bokleg, men slik det fell meg naturleg. Mange spør meg kvar helst frå Sogn eg er. Dei tykkjer eg talar som dei. So kan høge herrar spotta "det lavede sprog". Landsmålet er so visst ikkje laga på onnor vis enn andre mål.

I fyrste huset eg tek inn i på Systrond, kjem kona med fanget fullt av pæror. "Versogod!" segjer ho. "Du likar vel frukt?" Um eg likar! Eg takkar med dei beste ord eg kjem på og so fyller eg lummone.

Det smakar godt å få eta frukt no. Eg tek til å verta svolten. Eg åt nok godt på Skarestad i går kveld fyrr eg gjekk, men eg er diverre ikkje so laga at eg kan eta for nokre dagar um gongen. Eg er slikt eit vanedyr at når det lid til dei tidene eg er van å eta, so kjenner eg meg svolten um eg aldri er det tær svolten. Men eg hev fenge vant meg av noko lite på denne ferdi. Eg hev gjenge heile dagen stundom og ikkje ete anna enn eple og pæror som folk hev stukke til meg. Og det hev stundom vore meir og stundom mindre. Men jaumen hev eg levt. Eg hev vore nøgd med det òg. Og so hev det falle billeg å leva, og det er det viktugsaste.

So gjeng eg då her og et pæror og sel eit og anna lite hefte. Men det er slikt slag her som andre stader. Folk er ikkje å få tak på. Det er i hardaste frukthaustingi. Folk strevar dagane på tamp. Dei heng uppi trei og pitlar i korgene, og dei ligg på marki og sorterar og pakkar i sekkjer, tunnor og kassor.

Det er grust å sjå desse store hagane. Trei laver av frukt. Epli heng so raude og lokkande. Munnen vasslast berre eg ser deim. Sume greiner er so tunge at dei hev lote sett stød under, so dei ikkje skal brotna.

Det må vera triveleg og forvitneleg å driva med fruktdyrking - fylgja med voksteren frå vår til haust. "Fleire år var det lite og inkje frukt," fortalde ein mann meg på Balestrondi. "Då var det so modalaust. Men no siste åri hev det vore gromt. Å, det hev vore reint ein hugnad!"

Det er fruktnæmt her. Systrondi ligg so godt til for soli. Det *må* veksa her.

Eg kjem so godt i prat med ein mann og ei kone ytst i strondi. Eg spør um det ikkje er her Olav Sande bur. Jau, det er lenger inne, det, innpå Hermansverk. Og so fortel dei meg mykje um Sande. Eg høyrer at dei

Til s. 9

Frå s. 8

er glade i honom. Kona hev havt honom til lærar. Og ho eig ikkje lovord nok um læraren sin. Han er so snild, segjer dei båe tvo, ein kjærleiksapostel reint, glad i borni og glad i alle menneske.

Kona fortel at dei var fire skuleborn som fekk læra landsmål hjå Sande. Ho kan skriva både landsmål og riksmål, det er Sande å takka.

Han hev gjort so mykje for bygdi. Eg skynar at det er han som hev gjort Systrondi til slik ei målbygd som ho er. Men han hev ikkje alltid fenge so stor takk. Og ikkje stor ære og ros hev bygdi gjeve honom. Å nei, lagnaden er slik for deim som skal ganga fyre og rydja vegane. Men det er gjerne ei lukke i at dei ikkje fær løni medan dei lever. Det kunde gjerne verta til det at dei vart stasfigurar i staden for arbeidarar, og levande stasfigurar hev me ikkje råd til å halda.

Det er ein hugnad å høyra dei tvo gamle tala um denne gjævingen. Eg fær slik brennande hug til å sjå og helsa på denne mannen. Eg lyt finna tak i honom.

Det er trøyttsamt å ganga slik frå hus til hus heile dagen. Eg er radt ut til ytste og øvste gardane. So snur eg attende. Eg lyt nok på hotellet å liggja i natt. Det vart nok ikkje so billeg som eg hev kome frå det fyrr. Men det er vel stygt å høyra etter hus på gardane ikring når det er hotell på staden. Det vilde vel ikkje nytta heller. "Gakk til hotellet!" vilde dei vel segja her. Og då laut eg skjemmast og gå.

Eg kjem til hotellet, spør etter rom yver natti. 3 kronor kostar det. "Hev de ikkje billegare rom?" Nei - utan eg skulde liggja her fleire næter. "Jau, eg lyt kan henda liggja her næste natt òg." Då er det 2,50 for natti. Det fær våga seg. Ei gjente syner meg inn på eit rom. Eg tek skreppa inn med meg.

Eg kjenner eg er svolten. Eg hev ete mykje frukt i dag, men på slutten vart eg berre meir og meir svolten, kor mykje eg åt. Difor bed eg um kaffi og mat. Det kostar, men det fær våga seg. So sit eg på hotellet då, fær kaffien upp på romet til meg og er storkar. Atter ein gong gløymer eg at eg er berre ein skreppekar.

Klokka er ikkje meir enn 5. Det er ljos dag enno. Eg skulde vel ha traska rundt ei stund til. Men er so trøytt og so leid. Eg set meg heller til å rabla ned noko lite med blyanten. So gjeng kvelden.

Eg er glad eg fær krypa uppi ei varm seng. So kan verdi bråka og natti ute vera myrk og stygg, og morgondagen kan syta for seg. I morgon er det tysdag. Å ja, det gjeng ein dag um senn.

Kvelden etter. So er denne dagen òg gjengen. Eg var dugeleg svolten då eg kom nedatt til hotellet. Eg fekk ein kaffikopp og tvo-tri brødskivor i dagmorgon fyrr eg gjekk. Sidan hev eg ete berre nokre eple. Kaffi og mat laut eg hava, det var ikkje til å koma undan.

So fekk eg kaffi og mat, og no sit eg og hev det godt.

Det såg ut til regn i dag tidleg. Himmelen var gruggen og grå, ikkje eit blått glop fanst. So tenkte eg: Du hev havt slik heppe fyrr på ferdi, no fær du det på hin måten. Men det klårna av att og vart solskin. Det vart ikkje på "hin måten".

Eg tok vegen upp gjenom bygdi. Han ber visst til fjells, denne vegen,.tenkte eg. Eg spurde ei kone kvar denne vegen tok ende. "Her kan du ganga radt til Konstantinopel," sa ho. "Konstantinopel? Men eg rekk vel ikkje dit i dag?" Å jau då, det gjorde eg sagte. Og so fekk eg vita at Konstantinopel det var fremste garden, det.

Eg var inne hjå nokre kvinnfolk og skulde selja bøker. Der var ei stor og pratsam kvinne. Ho skulde ikkje ha bøker fordi dei var skrivne på "det dumme landsmålet". Eg "formana" henne det beste eg kunde. Eg synte fram små bilete av Garborg, Sivle, Aasen og fleire slike. Uff, det er bere slike målstrævarar. Hadde no Garborg skrive dei gode bøkene sine på riksmål, sa ho. Eg sa: "Utan landsmålet vilde dei beste bøkene av Garborg ikkje vore til. "Haugussa" og "I Helheim" på riksmål det vilde vera ein karikatur av Garborgs kunst." Eg bad henne kjøpa Sivle, han skreiv meir riksmål enn landsmål. Nei, ho vilde ikkje hava noko med slikt folk å gjera. Då laut eg prøva med eit forretningsknip. "Slike menn som De hev so mykje imot, skulde De tykkja mun i å hengja," sa eg. Ho log då. Men ho kjøpte "Kyrkja er mor" av Hognestad. Og den er no skrivi av ein som brukar mynsterformi i "det dumme landsmålet".

So rutla eg radt til Konstantinopel. Der høyrde eg barneskrik inni ei stove, og der gjekk eg inn. Det sat tvo karar der inne, og ein liten gut-trave gjekk og bar på eit skrikande barn - som slutta å skrika då eg kom. I staden vart det eit hundeleven under sengi, der låg ein hund og illgøydde. Mannen i huset bar i å skjenna på hunden. Og no tagna bikkja endeleg, og då fyrst fekk eg segja goddag. So baud eg fram bøkene, og mannen såg på deim. - "Nei, det nyttar ikkje, kar. Ikkje på denne tid. Det kunde vera um våren, i høyknipa. Men no um hausten når ein er so uppteken med alt som skal i hus og ein hev so mykje av alt slag - nei."

Den andre karen hadde sete for seg sjølv heile tidi og høyrt på.

Kona i huset kjem inn. Ho glytter yver herdi åt mannen og fer yver bøkene med augo. Mannen sit og les i Olav Gullvågs vesle skrift "Dansketidi". "Dansketidi," les kona. "Ska dei te atte med da no?" Mannen snur seg og ser på henne. "Kva er det du snakkar um, kjerring! Den hev me havt nok av."

Han kjøpte "Dansketidi" og nokre bilete. Dermed forlèt eg Konstantinopel og gjekk nedatt til hotellet.

So sit eg då her og skriv og hev det godt. I morgon må eg tidleg upp og ganga til Hermansverk og lyda um Olav Sande. Eg er forviten. Undrast på um han vil tala med ein skreppekar.

Morgonen etter er eg tidleg or seng. Eg fær meg mat og betalar for meg. Det kostar 10 kronor alt i alt. 10 kronor! Eg hev altso sove for 5 kronor og ete for 5 kronor. På tvo dagar. Det kostar å vera kar. Og endå hev eg ete berre tvo gonger um dagen.

Eg fær skreppa på ryggen og gjeng. I dag er det onsdag.

(Meir)

Hev du sendt bladpengane?

"Fjellbekken" med nye uppgåvor

Spelemannslaget "Fjellbekken" i Bergen hev halde årsmøte i Fensal, og styret kunde leggja fram ei lovande årsmelding som synte eit lag i framgang. Frå Norsk Musikkråd hev laget fenge tilskot til felekjøp og til upplæring, og formannen Asbjørn Rivenes hev halde kurs for unge spelemannsemne. Det hev auka tilslutnaden til laget og er ei god rekruttering. Årsmeldingi som skrivaren Salmund S. Jarane las, fortalde um 34 øvingskveldar i det farne året. Laget hev 35 medlemer, og det hev 6 heiderslagsmenn: Anna Bjørndal, Halvor Sørsdal, Oddmund Dale, Ludvig Jerdal, Finn Vabø og Salmund S. Jarane. Eignalutene hev plass i Arne Bjørndals Samlingar på Universitetet i Bergen.

Asbjørn Rivenes vart samrøystes attvald til formann, og i styret elles er Magnus Skauge, Oddmund Dale, Salmund S. Jarane og Ingrid Gjertsen (sistnemnde ny, etter Alf Dalheim som sa ifrå seg attval). Varamenn vart Hilde Saxsæter, Ragnvald Frøystad og Vidar Fjæreide.

Både fyre og etter årsmøtesaker og kaffiykt let spelemennene felone ljoma, og nye framtak vart dryfte.

Ludv. Jerdal

Motreformasjonen i Nordaust-Europa

Av Renate Riemeck

__Renate Riemeck__ er fødd i Breslau i 1920. Då var byen tysk. No heiter han Wroclaw og ligg i Polen. Ho studerte soge, kunstsoge og germanistikk i München og Jena. Den ortodokse kyrkja hev ho kjennskap til frå fleire kyrkjemøte og etter å ha granska russisk soge i mange år. Renate Riemeck hev skrivi tvobandsverket "Moskau und der Vatikan". Fyrste bandet kom i 1964, og stykkjet er henta derifrå.

Arne Horge.

Jesuittane såg det som ei uppgåve å drive reformasjonen attende. I Polen stridde dei altso ikkje berre mot den ortodokse kyrkja, men dei freista òg å vinne attende åt katolsk tru dei landslutane som hadde vorte protestantiske. Dette var landslutar som stod i eit lausleg samband med den polske kruna, det galdt t.d. dei landi som fyrr hadde lege under Den tyske orden. Ivan 4., "den strenge", som var russisk herskar frå 1533 til 1584, førde krig mot ordensriddarane, det vart den livlandske krigen, og det livlandske samlaget sprengdest i 1561. Ordensmeisteren Gotthard Kettler gav seg inn under Polen og vart polsk vasall og fekk Kurland til eit verdsleg hertugdøme, Estland vende seg til den svenske kongen, medan Livland vart polsk. Byane Narva og Dorpat fall til Russland. Desse umbyti rørde ikkje ved trusvilja millom lutheranarane. Folket i dei nye polske landslutane kjende samhug med det protestantiske Sverike. Medan Stephan Bathory rådde i Polen, hadde jesuittane byrja virke for pavekyrkja i dei nye landi, men her laut dei rekne med munaleg større vanskar enn i sjølve Polen. Eit døme er at byborgarane i Riga bar seg undan å hjelpe til med ein jesuitskule som var skipa i byen. Sigismund 3. Wasa (1587-1632), som fylgde etter Stephan Bathory, trudde at han laut straffe nokre til varsel for andre, og han lèt avrette tvo vyrde borgarar. Dette berre auka uvilja hjå lutheranarane mot pavedømet, samstundes som polskekongen tvinga deim til å telja ut femti tusund gullpeningar åt jesuitane.

Det var berrsynt for dei motreformatoriske kreftene at lykjelen til framgang i dei austersjølandi som stod under polsk yverhøgd, låg i Sverike av di dette landet var den leidande protestantiske makti i Nord-Europa.

Under den fyrste kongen av huset Wasa, Gustav 1. (1523-1560), hadde Sverike opna seg for reformasjonen. Sonen Eirik 14. (1560-1568) fekk Estland i hendene, og han kunde dimed leggje fleire meinsperror i vegen for framgangen åt motreformasjonen i austersjølandi. Då bror hans, Johan 3. (1568-1592), fylgde etter honom på den svenske trona, tenkte paven i Rom at no var stundi der til å gjera noko med dette. Johan 3. var gift med den polske prinsessa Katharina av slekti Jagiello. Framleides sat bror hennar, den siste Jagiello, Sigismund 2., på den polske trona. Men det var noko alle kunde sjå at denne kongsstolen snart vilde verta tom. Hadde ein personalunion millom Polen og Sverike kunna kome i stand etter jesuitane sitt hovud, kunde trudomsformene i austersjølandi med eit slag vorte endra. Med auga for at lutherdomen hadde fenge ankerfeste i Sverike, trudde ikkje Vatikanet seg til å gjera noko med hast. Fyrst og fremst sytte Vatikanet for at jesuitane fekk fast fot i Polen, og sikra seg ved valet av Stephan Bathory til konge at Polen kom under ein truverdig stridsmann for atterreisingi av den katolske kyrkja. Men samstundes vart det tenkt på det neste utspelet i motreformasjonen sitt åtak på Nordaust-Europa: Svenskekongen laut vinnast. Den polskfødde dronningi Katharina vona at mannen hennar skulde skifte tru, og ho opna døri for jesuitar til Johan 3. sitt hoff. Pave Gregor 8. (1572-1582) fekk njosn i at kongen stod ustødt i trudomsspursmål. Difor sende han italianen Antonio Possevino til Sverike. Denne mannen, som levde frå 1533 til 1611, var ein av dei fremste diplomatane or jesuit-ordenen. Ved uppattkatoliseringi av Frankrike hadde han vorte namngjeten. Og for framgangen åt motreformasjonen i Aust-Europa skulde han få mykje å segja. No fekk han den vande uppgåva lagd på seg å leide kongen i eit heiltupp protestantisk land attende til fanget åt den katolske kyrkja, og det utan at det skulde merkast kringum. Possevino skilde seg frå ærendet på beste vis: I 1578 sa Johan 3. fram den katolske truvedkjenningi åt Possevino. Men det gjekk fyre seg i djupaste løynd.

Sonen åt Johan 3. og den polskfødde dronningi var viktigare for Vatikanet enn Johan 3. sjølv. Sigismund vart umhugsamt fostra etter katolsk tru, og etter at Stephan Bathory brått døydde, kom Sigismund til Polen som arvboren tronkrevjar. Rett nok laut han hævde romet sitt andsynes eit habsburgsk og eit russisk kongsemne slik som fyremannen hans i kongsstolen hadde gjort, men når ein kjem i hug den makti jesuitane hadde vunne seg medan Stephan Bathory rådde, var ikkje dette av det vandaste å få til. Den svenske krunprinsen borga for at det katolske Polen vilde halde uppe kampen mot Russland. Meir og meir såg adelen denne kampen som ei nasjonal uppgåve, og Sigismund var knytt til Polen med blodsband, og han var budd for kongsgjerningi i jesuitisk skule. Ei avtale med Sverike um eit sams åtak på Russland eller beint fram ein svensk-polsk personalunion, vilde ha snudd makttilhøvi i Aust-

Adolph Tidemand: "Gustav Wasa talar til bondene i Mora kyrkje". Blyant, 1839. - Målarstykkjet etter denne teikningi vart luta ut av eit tysk kunstlag og vunne av ein professor i Dorpat. Denne estiske byen heiter i dag Tartu.

Europa. Denne planen er ikkje noko som i ettertid er påfunnen av sogegranskarar som skodar attende. Han levde verkeleg i tankane åt dei polske jesuitane, det går fram av brev frå Possevino so vel som av uppteikningar som vart gjorde av jesuitlaget St. Barbara i Krakow. I større mun enn Stephan Bathory gjekk Sigismund 3. Wasa god for at politikken åt jesuitane skulde førast vidare i Polen. Og i det store og heile lydde den unge polske kongen vel etter meiningane åt skriftefar sin, den polske jesuiten Golinski. Av di Sigismund med tidi laut erve den svenske trona, baud det seg no eit høve for motreformasjonen til å setja yver til det protestantiske Skandinavia. Men det er fårlegt å selja skinnet fyrr bjørnen er skoten. Løynkatolikken Johan 3. hadde rett nok stengt riksuniversitetet i Uppsala for å leide studerande ungdom åt dei høgt prisa jesuitiske universiteti i utlandet, men ut yver det hadde han inkje gjort stort for å rydje vegen inn i Sverike for motreformasjonen. Etter at dronningi døydde, vende Johan 3. snart burt frå katolsk tru. I Sverike såg ein med djup motvilje på den katolske sonen som polakkane hadde teke til konge og som syntest vera ein viljug reidskap for ein jesuitisk krins. Sant nok kom Sigismund på den svenske trona etter at faren Johan 3. var avliden i 1592, men han laut høgtideleg lova at den augsburgske truvedkjenningi skulde gjelde for land og rike, og at universitetet i Uppsala skulde opnast att. Mistrui mot Sigismund vara likevel ved. Svenskane tok honom til konge og tok samstundes makti frå honom. Farbroren, hertugen av Södermanland, ein hugheil lutheranar, vart peikt ut til riksforstandar. Som Karl 9. (1604-1611) vart han seinare svensk konge, og sonen, Gustav Adolf skulde koma til å verta krigshelt for dei tyske protestantane i 30-årsufreden.

Utnemningi av ein protestantisk riksforstandar i Sverike hindra åtaket frå motreformasjonen på det nordiske kongeriket. Den påtenkte personalunionen millom Polen og Sverike kom ikkje i stand. Planen um ei motreformatorisk stormakt på grensa mot Russland mislukkast, og voni um å setja Moskva i klembe og soleis gjera russarane møyre nok til å godtaka tanken um eit kyrkjesamfeste slokna. Motreformasjonen laut nok avgrensa seg til mindre innhogg i åndelege og kulturelle samanhengar millom austslavarane for å lyfte Rom og kuve Moskva. Difor vart det neste siktemålet å avstengje den ortodokse kyrkja i Russland ved å stelle til eit kyrkjesamfeste med dei ortodokse biskopane i Polen og Litauen.

Det gamle gards- og grannesamfunnet

Av Ola Stemshaug

Haram kulturhistoriske lag er vel eitt av dei mest aktive, lokale historielaga vi har i heile landet. I desse dagar gjev laget ut skrift nr. 32, "Gards- og granne-samfunnet" av Karl Rogne.

Dette arbeidet er resultat av eit stort, landsomfatande innsamlingsarbeid som Institutt for samanliknande kulturgransking sette i gang i den nære etterkrigstida. Eit hundretals medarbeidarar rundt i heile landet fekk til oppgåve å svara på ei rad med spørsmål om livet på den gamle garden, fyrst og fremst i arbeid, men òg i høgtider og fest.

For Nørdre Sunnmøre fall dette svære innsamlingsarbeidet på den kjende læraren, politikaren og kulturarbeidaren Karl Rogne frå Haram. Det er hans innsamla materiale som no blir utgjeve som eit eige skrift av Haram kulturhistorisek lag, nøyaktig slik som Rogne har ført det i pennen. Det siste er viktig, for da veit vi at det ikkje er tukla med framstillinga av forståsegpåarar.

Det er ei overflod av kunnskap om livet på den gamle garden vi får greie på her. For dei som er oppvaksne det siste halve hundreåret er dette historie eller i beste fall utfylling av ein tradisjon dei har fått overlevert frå foreldre- eller besteforeldregenerasjonen. Det blir fortalt om eit samfunn utan nemneverdig bruk av *maskiner* eller m*otorar*, for ikkje å tala om moderne kommunikasjonsmiddel som *radio* og *fjernsyn*. Her blir det fortalt om l*jåslått* og *torvtaking*, om *vokenatt* (trettandags jul) med dans, øl og dram, såvel som hopehav i gardsdrifta. Mykje av det Rogne har notert ned, var sjølvsagt heilt avlagt alt i den nære etterkrigstida, så det er eigenleg kystbondesamfunnet slik det var for rundt hundre år sia vi får opplysningar om.

I tillegg til det tidlegare heradet Haram får vi òg opplysningar frå dei gamle herada Vatne, Vigra, Giske og Borgund. Men det er heile tida Haram som er utgangspunktet, og dersom dei andre bygdene ikkje skil seg ut på eit eller anna vis, så blir dei ikkje spesielt nemnde. I føreordet kritiserer med rette utgjevaren Institutt for samanliknande kulturgransking for fyrst og fremst å ha utarbeidd spørsmåla med tanke på "innlandsgarden". Slik sett er det utelate ei rad med interessant fenomen som gjeld fiskarbonden og kombinertdrifta på ein kystgard.

Vi er her inne på eit heilt allment fenomen i norsk kulturhistorie. Bondekulturen har tradisjonelt vorte både oppfatta og framstilt som ein innlandskultur, og odelsbonden har vorte betrakta som ein jorddyrkar og fealar, han var hos oss ein *døl*. Denne stereotypien har lange røter i europeisk kultur. I vårt land kjem han tydeleg fram frå slutten av 1700-talet (m.a. Det norske Selskab i København), og han vart forsterka med nasjonalaromantikken mot midten av det førre hundreåret.

I kystlandet Noreg er denne oppfatninga likevel berre halve sanninga. For fiskarbonden var båten ein like viktig reiskap som plogen. Men tradisjonsinnsamlinga frå dette kombinertbruket er dessverre lite påakta. Så her ligg store oppgåver og ventar for Haram kulturhistoriske lag og andre historielag med tilknyting til denne delen av kystkulturen.

Her har eg butt

Her har eg butt meir enn ein mannsalder.
År med vind og stjernor i høg rigg
har siglt framum.
Tre og fuglar har slege seg til her,
men eg har ikkje roa meg.

Olav H. Hauge

Or samlingi "Spør vinden", 1971.

Prenta med løyve frå Bodil Cappelen og Det Norske Samlaget.

Kyrkja på Mære

Var her eldre gudehov?

Den 8. februar innleidde Bryggjemuseet ei fyrelesingsrekkja i samband med 1000-årshøgtidi for kristningi i Noreg. Hans-Emil Lidén, NIKU, greidde ut utifrå emnet *Kulturkontinuitetsproblemet*. Vart kyrkja på Mære i Nord-Trøndelag bygd på tufti av eit eldre gudehov?

Granskaren Magnus Olsen var uppteken av tanken um at kyrkjor kunde verta bygde på hovtufter i millomalderen. Men Olaf Olsen kunde ikkje gå god for for at det var eit beinveges samband millom eldre hovtufter og yngre kyrkjetufter. Olaf Olsen ser like fullt ut til å kunna godtaka at utgravingar under Uppsala-kyrkja tyder på at det hev vore gudehov der.

Fyredragshaldaren peika på at Mære var ein samlingsstad for den gamle heidenske kultdyrkingi. Dette sentrumet var kjent for striden millom kristendom og heidendom. Det var her Håkon Adalsteinfostre vart tvinga til å blota mot sin vilje.

Hans-Emil Lidén synte til eigne granskingar i resten av fyredraget. Han leidde utgravingane på Mære. Lidén synte ljosbilete og fortalde. Me nytta mest stratografiske granskingsmetodar. Mange av dei funni me gjorde på Mære, gjeng heilt attende til jarnalderen. Me hev full vissa for at det hev vore ei trekyrkja som hev lege inst på tufti. Denne trekyrkja hev vorte kledd av ei steinkyrkja som hev vorte bygd utanpå trekyrkja.

Me hev ikkje funne noko som kann gjeva eintydige indikasjonar på at det hev vore eit hov der. Det me hev funne som kann underbyggja at det kann vera snakk um eit gudehov, er nokre gullgubbar. Nokre småe runde steinplator med teikningar av tvo menneske- eller gudefigurar. Tolkingane av desse figurane er avgjerande for å prova um det hev vore eit gamalt gudehov på Mære.

Dei tvo figurane skal etter segjande vera dei norrøne gudane Frøya og Gerd. Granskaren Gro Steinsland hev kome fram til at platone med innteikningane (gulllgubbane) kann knytast til at dei gamle heidningættene ynskte å føra røtene sine attende til dei gamle gudane. Eit par nyare funn i tilknyting til andre bygnader kann underbyggja Steinslands teori. Dersom Gro Steinsland hev rett, tvilar eg på um den gamle tufti til kyrkja hev vore noko anna enn ein stormannsgard. Det vilde i alle høve vore interessant å diskutera dei tolkingane som Steinsland hev gjort, og eg vonar at eg fær høve til å møta Gro Steinsland til ordskifte ein gong.

Fyredragshaldaren umtale fleire kyrkjor som det skulde ha vore interessant å få utgravd. Mange hadde møtt fram til dette fyredraget. Både studentar og andre kulturhuga menneske.

Lars Bjarne Marøy.

Aasen-instituttet ein røyndom

Kyrkje-, utdanings- og forskings-departementet (KUF) hev etla Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda tvo professorstillingar. Dette var meir enn venta, fortel rektor Sverre Måseidvåg til pressa. Dei tvo toppstillingane vert forskarstillingar, lagde til avdelingi for humanistiske fag. Aasen-instituttet er eine halvparten av Aasen-senteret i Volda/Ørsta. Den andre halvparten er knytt til Aasen-museet i Hovdebygda i Ørsta, Ivar Aasens fødestad, der det skal reisast eit Aasen-bygg med plass for auditorium, møtesal og samlingar av ymse slag.

NMU-landsmøtet

Norsk Målungdom held landsmøtet sitt i helgi 31. mars - 2.april. Denne gongen held målungdomen landsmøtet i Oslo, det er visst ei heil stund sidan sist. Medlemsbladet EG gjeng ut til kring 3000 lagslemer og tingarar i tilknyting til landsmøtet, og dette syner tydeleg at det er stor arbeidsvilje og framdrift millom målungdomen no. Me høyrer at Gro Morken Endresen hev tankar um å søkja avløysing på leidaplassen. Me skal ikkje spå um kven som kjem i staden.

mål og makt

* Mål og Makt er tidsskriftet til Studentmållaget i Oslo
* Mål og Makt er det leiande måleoretiske tidsskriftet i målrørsla
* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1995
* Mål og Makt nr. 1/1995 har kome. Der finn du artiklar om:
  Steinar Schjøtt av Magne Myhren
  Katalansk og nynorsk målreising av Johannes Nymark
  Nynorskkulturen i NRK av Sylfest Lomheim
  Heidrun

- -

❑ Send meg M&M nr. 1-2/94 **A. O. Vinje 176 år**, 40,- kr
❑ Send meg M&M nr. 3/94 **Ternimologi, talemålsutvikling, trøndsk målreising**, 25,-
❑ Send meg M&M nr. 4/94 **Språk, identitet og EU**, 25,- kr
❑ Send meg M&M nr. 1/95 **Steinar Schjøtt, katalansk, nynorsken i NRK**, 25,- kr

❑ Eg tingar M&M i 1995 for 90,- kr.

NAMN:_____

ADRESSE:_____

POSTNR:_____ STAD:_____

Send til: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt 22, 0165 Oslo
Faks 22 36 40 68

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet legg hovudvekt på måldyrking og målrøkt. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og innanfor nynorsken krev me fulle rettar for høgnorsk og i-mål som Ivar Aasen alltid heldt på.

Sambandet tevlar ikkje med resten av norsk målrørsla, men hev ei sergjerning i rørsla. I Sambandet kan både lag og einskildlemer vera med, og me ser gjerne at du er med både i lokale mållag og beinveges i Ivar Aasen-sambandet. Meld deg inn!

Årspengar for beinveges innmelde kr. 50,-.

Innmelding til kassastyraren:
Ivar Aasen-sambandet v/Torolv Hustad, Elvenesvegen 10 C
5050 Nesttun
Postgiro 0814 20 27 209

Musealt

I Dag og Tid stod det ei Ytring som me trur lesarane våre vil ha hugnad av. Ytringi sikta til utsegni frå Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag um litterært tekstvern, attgjevi i Vestmannen nr. 2. Tittel var "Språk og åndsverk", og i åndsverket heiter det m.a.:

Her blir salmar av Blix og Hovden vurderte som fornminne som skal brukast uendra i framtida, men dette kan vel ikkje vera i samsvar med åndsverklova.

Det som her er kalla vanvyrdnad for grunntekster, er akkurat det same som blir eit åndsverk til del ved omsetjing til andre språk. Salmane blir tatt i bruk av barn og ungdom i vår tid, og at ei varsam endring er på sin plass, kan tene både salmediktarane og dei som skal bruke dei.

Originaltekstene blir for ettertida tatt vare på i dei aktuelle museum.

Olva Frøystadvåg, Oslo

Sjur Hesjevoll

Spelemannen Sjur Hesjevoll i Jostedal er død. Han var ein ekte son av fjellbygdi Jostedal, og han var kunstnar og tradisjonsberar.

I ei lang årrekkja var han med på kappleikar, både landskappleikar og vestlandskappleikar. Han spela servore Jostedalsspel, og han hadde vunne mange premiar. Han var ein trufast dyrkar av folkemusikken på hardingfela, og han hadde givnad som målar og hev måla mange landskapsbilete. For Jostedal spel- og dansarlag var han ein god mann, han hadde mykje av æra for at både spelet og dansen vart dyrka so godt, noko me hev set resultatet av på mange kappleikar, ogso landskappleikar.

Sjur Hesjevoll var dertil filosof, og han var naturelskar. I samvere var han gladlynd og kontaktskapande, ein mann frå Bygde-Noreg som mange vil minnast med vyrdnad og takksemd. Og i minnestundi i Jostedal kyrkja på gravferdsdagen spela sognaspelemannen Håkon Høgemo teleslåtten "Rosa".

Ludv. Jerdal

Noregs gamle merke

Denne stubben og teikningi finn me i "Norsk Bladmannalag. 1913-1923", ei norsk bladsoga som kom ut i Bjørgvin i 1923. Det er Hans Aarnes som er meister for teksti:

Paa møte 2. desember 1917 gjorde Bladmannalaget vedtak um å stydja arbeidet for atterreising av Noregs gamle merke, flagget med gul kross på raud botn.

Denne fraasegni vart møtt med eit skrik i danemaalsbladi landet rundt. Dei ropa til vakt um den blaakvite krossen og fekk det annvint med aa fortelja at Noreg aldri hadde havt noko flagg fyrr me fekk det trifarga i 1821. Det vart eit stort ordskifte um saki der sogelærde menn var med og alt vart framleitt som kunde kasta ljos yver Noregs riksmerke heilt fraa Heilag Olavs dagar. Utkoma av ordskiftet vart at mange fleire enn fyrr fekk hug til aa verna um vaar gamle ervelut, og det gulraude flagget vart oftare aa sjaa baade i by og bygd.

I desse tider hadde Finnland fenge att fridomen sin ved statsumveltingi i Russland. Finnlendingarne tok til aa arbeida med aa faa seg eige flagg, og daa det frettest at dei tenkte aa taka det raudgule flagget plent slik som Noregs gamle merke var, gjekk tvo av vaare fremste lagsmenn, Arne Garborg og C. B. Bugge, til dei finnske sendemennerne daa dei kom til Oslo vinteren 1918, og heldt fram for deim at det raudgule flagget var vaart, og at me ikkje hadde hug til aa lata det ifraa oss. Dei finske statsmennerne hadde ikkje kjennskap til dette, og dei lova aa tenkja nøgnare yver saki. Finnland fann seg sidan eit anna merke.



DAG OG TID
Pilestredet 8
0180 Oslo

Telefon:
22 33 00 97

Telefaks:
22 41 42 10

Verdas einaste riksavis på nynorsk!

Partipolitisk ubunden vekeavis med brei kultur- dekking og fingeren i jorda.

Or Tuftekallen 16. februar 1995:

Stjorn

Av Lars Bjarne Marøy

Her um dagen fekk Tuftekallen ein telefon frå Eigil Lehmann. Han meinte at me burde markera oss i samband med tusundårsjubileumet for kristningi. Eg låg og sov då han ringde, for eg gjeng tidleg med avisone, men det var svært kjærkome å verta uppvekt. Og uppvekkjingi vart brå og kveikjande. Lehmann fortalde meg um ein gamalnorsk bibel. Det vil segja, det var ikkje heile bibelen. Umsetjingane til gamalnorsk slutta ved kongebøkene, men det var eit godt upptak.

Lehmann tykte me skulde freista um det var råd å få gjeva ut att denne bibeldelen i normalisera gamalnorsk utgåva.

Seinare hev eg gjort meg kjend med det tilfanget som kann knytast til den gamalnorske bibelen i stutte drag. Dette er vel galningsfaktor, vil de tenkja. Ingen hev vel brytt seg med den gamalnorske bibelen. Tjodskapsviljen i Noreg døydde ut med svartedauden, og nordmennene byrja å suga næring frå danariket. Sidan hev heile bibelen gjenge i gløymeboki, meiner de vel.

Jau, langt på veg hev de rett. Men den gamalnorske umsetjingi vart avskrivi av kunnige menn heilt fram til 1800-talet. Dei må ha sétt ein serleg verdi i at nett dette tjodskapsmerkjet vart halde ved lag. Frå

1853 byrja ein granskar som heitte C. R. Unger å gjeva ut dei gamle bibeltekstene i hefteform. Han samla seg upp eit verk på kring 660 sidor.

Den gamalnorske bibelen hadde kortnamnet *Stjórn*. Kongen hadde nytta mange slags religiøse skrifter til høgtlesing, og det var han som vilde ha bibelen umsett, slik at han kunde vera til uppbyggjing på lesekveldane. Reidar Astås som hev arbeidd mykje med Stjorn, meiner at det er mange einskilddrag i arbeidet med Stjorn som kann jamførast med den verksemdi som var knytt til munkeordenane i Europa, serleg den dominikanske munkeordenen. Munkane vilde at bibelen skulde nå ut til folket, difor vilde dei m.a. ha bibelen på folkemålet, og dei vilde driva aktiv kristendomsformidling.

I dei siste tiåri hev det vore skrive um Stjorn. Det er fyrst og fremst Astås som hev forska, men i 1994 kom det ut ei hovudfagsuppgåva um Stjorn. Det syner at interessa og prestisjen for dette verket veks.

Du kann segja mangt og mykje um at denne bibelen høyrer ei onnor tid til. Men dersom eg peikar på at tvo granskarar la serleg vinn på å lesa Stjorn, kann de gjerne forstå at det finst ein samanhangande nasjonal tradisjon attum den gamalnorske bibelen og det religiøse livet i dag. Dei tvo granskarane var Alexander Seippel og Ivar Aasen. Reidar Astås hevdar i 1990 at "Stjorn-tekstene kom ... til å få stor betydning for fremvekst av etablering av et nynorsk bibelmål, og vant gjennom dette varig innflytelse på Bibelens moderne nynorske språkform." Ein annan granskar hev lagt vekt på at den islendske umsetjingi av Bibelen på 1500-talet viser nær slektskap med Stjorn-tekstene i ordtilfang (Uecher 1980).

De vil vel enno hevda at denne gamle bibelen er avgløymd og bør gløymast, for alt eg veit. Utgåva frå 1862 er i gotisk skrift som fåe kann i dag, og det vilde taka lang tid å skriva teksti um til latinske bokstavar. Men det er grunn til å hevja fram dette bibelverket. Det syner ein unik vokstersamanheng i norsk soga. Det syner eit mynster attende til den fyrste kristningi. Det er ramgale å peika på at den danske bibelen var den fyrste me fekk. Det fanst kulturvilje i Noreg fyrr danskane byrja å læra oss upp til bibellesarar. Utifrå ein slik synsmåte burde ikkje me målmenn vera i tvil um at denne bibelen må koma ut på nytt. Alle bibellesarar burde få høve til å jamføra med den gamalnorske teksti. Nett slik som engelskmennene kann jamføra med den gamle kong James-bibelen frå reformasjonstidi. Men lat no ikkje desse entusiastiske ordi gå inn på dykk. Dersom de gjev katten i heile bibelen og vil gløyma denne gode arven, so hev eg tala for dauve øyro, og då er eg like langt. Men um ikkje so, bør de ikkje halda tett um dette, men spreida kunnskapen um denne unike boki som hev yverlevt dansketidi og som granskarane byrjar å verta jamt meir merksame på.

HIV UT BOKMÅLET!

Det er kva Norsk Målungdom (NMU) meiner me skal gjera i dette landet.

Korleis me skal gjera dette kan **DU** lesa om i meldingsbladet åt NMU - *EG*.

EG kjem ut med seks nummer i året, og det kostar berre 120 kroner for ei årstinging. *(Medlemer i NMU fær bladet gratis)*

TING *EG* OG LES UM: *grunnlaget for målreisingi, organisasjonsstoff, nasjonale spursmål i andre land, målbruk og normaltalemål, friske ordskifte, og mykje meir for målinteresserte!*

JA, eg vil tinga EG

Namn:

Adresse:

Poststad:

Send åt: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, tlf: 22 36 40 43, Faks: 22 36 40 68

Noreg i Nord-Fron

Nord-Fron Mållag hadde nyleg hadde årsmøte. Til ny leidar etter Paul Henrik Hage valde dei Geir Skaaden, tidlegare nestleidar. I styret sit Randi Nordlien Berg, Elisabeth Ebbing, Ragnar Rykhus og Aase Toxe Tveit. Laget arbeider med eit bokprosjekt av Ole Martinus Høgåsen, og årsmøret vedtok ei sterk fråsegn um at Noreg må vera einaste landsnamn i nynorsk. Noreg er sjølve symbolet for skriftmålet.

Champagne til Mademoiselle

Du fjomlette fivreld
frå fridomens by
som freistar forføre
ein fattig på ny ...

Du forårsfrygd-fremjande
flyttfugl i fjell:
Eg flyr før du flår meg ...
Eg minnest ein kveld -

ei fløртande flokse
fjelga til fjas
for flagrande framum meg
i eit kalas ...

- "Frygd deg
du frysande skaldefrø,
og finn deg ei filmdros
frå Follesø!"

flirde ho flott
og forførande kjælen
før ho for ut
med ein friar i hælen!

Eg freista å finna
eit fyndord i farten,
men fræste eit syndord -
og beit meg i barten ...

Men fluks kom
den flagrande floksa tilbake!
Og flaug meg i fanget
og gol imot taket:

- "Sei meg dei finaste ord
du kan finna
før du vert fåmælt
og frykteleg sinna!"

- "Skaldefrø skvettar 'kje
vatn på gåsa" -
sa eg og skvette
champagne på drosa.

Olav Lavik

Or "Morgon med rimfrost" (1959)

Nye bøker hausten 1994

Jostein Krokvik:
Luftspeglingars brotstykke
Diktsamling som utgjer ein mosaikk av skarpe bilete, reflekterte tankar og noggranne observasjonar.
Hefta kr 115,-.



Sigurd Sandvik:
Skriv betre norsk!
Rettleidingsbok for nynorskbrukarar - med vekt på ordval og setningsbygnad.
Hefta kr 115,-.



Ola Breivega:
Austanljos
Ei personleg skildring av vegen inn i ortodoks kristentru.
Hefta kr 120,-.

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 - 5001 Bergen
Telefon 55 31 66 29 Faks: 55 32 03 56
Postgiro 0809 3918844

ISSN 0800-8647

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

St. Peters himmel-lyklar

Få veit vel noko større um Marta Steinsvik (1877-1950) no. Døypenamnet var Marta Tonstad, ho var frå Vest-Agder. Mest kjend er ho kanskje av di ho i 1894 vart gift med Rasmus Steinsvik (1863-1913), fremste nynorske bladmannen etter Vinje. Då var ho nyklekka student, berre 17 år. Steinsvik døydde tidleg, 50 år gamal, og Marta, 14 år yngre, evna å skapa sitt eige ettermæle.

Frå fyrst av arbeidde ho i *Den 17de Mai, grunnlagt av* Rasmus Steinsvik i 1894. Sidan vart ho påverka av Rudolf Steiners antroposofiske tankar, og ho studerte egyptologi og so teologi ved Menighetsfakultetet. I uppslagsverk er ho kalla forfattar, og ho skreiv skodespeli *Bispen* og *Isis-sløret, som* Severin Eskeland rosar i Norsk Allkunnebok.

I 1930 skreiv Marta Steinsvik *St. Peters himmelnøkler*, som er eit historisk tufta åtak på pavekyrkja. Etter di det på Norsk Bokreidingslag nett kom ei bok av Ola Breivega *Austanljos* um (gresk)ortodoks kristensyn, og sidan Breivega sjølv og Eystein A. Dalseth etterpå hev utdjupa tankane - sjå Vestmannen nr. 9/1994 og 10/1994 - er det forvitneleg, ikkje minst for vestmenn, å sjå at Marta Steinsvik med sogegrunnar i ryggen held fram at den fyrste og grunnleggjande kristendformi i Noreg kom frå keltarane i vest og frå den ortodokse kyrkja i aust. Steinsvikboki hev vore vanskeleg tilgjengeleg lenge, men no hev Bergmann Forlag og Ørsta Trykkeri i Ørsta sendt ut avprent av hovudbolkar frå utgreidingi. Fyrebels er det komne tvo bøker, *I moderkirkens favn* og *Hellig Olav og den norske statskirke*. Sistnemnde bok hev med mykje um gamle norske kyrkjetilhøve.

Den gamalnorske kyrkja hadde korkje rot eller feste i Rom, les me hjå Marta Steinsvik. Ho var ei utgreining frå den keltiske kyrkja. Dei norske kristne leidarane hadde ingen ting med Rom å gjera, dei vende seg derimot austetter, til den ortodokse kyrkja i Gardarike (Russland) og til Miklagard (Konstantinopel). Den gamalnorske kyrkja var ei fri og sjølvstyrd statskyrkja. Kongen var øvste kyrkjeherre og peika ut bispar, medan bøndene sjølve tilsette prestar. Ei slik sjølvstyrd nasjonal kyrkja var det til 1319, um pavekyrkja søkte etter makt tidlegare.

Danmark var derimot knytt til Romakyrkja. Men alt Håkon jarl sette prestane derifrå att i Jylland. Etter Marta Steinsvik var siste erkebispen i Nidaros, Olav Engelbrektsson, ingen stridsmann for norsk sjølvstende slik sume meiner. Han var ein stridsmann for pavekyrkja.

Um Marta Steinsvik skal det leggjast til at ho skreiv eit godt fyreord i boki *Ætt og land* um og av P.M. Gjærder, som kom ut i 1944, etter P. M. Gjærder var avliden. Det var Gjærder, frå Syvde på Sunnmøre, som prenta *Fedraheimen* (og eldste *Vestmannen*) på Tynset då Rasmus Steinsvik tok på seg bladstyrargjerningi våren 1889. Og det var P. M. Gjærder som stelte med *Norsk Toneblad,* eit nynorsk nybrotstiltak. I 1949 gav Marta Steinsvik ut *Frimodige ytringer*, der ho mana til måtehald og mildskap i rettsuppgjeret.

Bøkene fær du frå Ørsta Trykkeri, 6151 Ørsta.

Jostein Krokvik

Bok um Tormod Vågen

Josef Tungland hev skrive ei bok um teologen Tormod Vågen på Lunde forlag, Oslo. Boki kom til jol og heiter "På kallets veg". Ho er på nynorsk. Tormod Vågen er frå Kvinnherad. Han vart generalsekretær i Kinamisjonen, seinare Misjonssambandet, etter Ludvig Hope i 1931, og han var i arbeid der til langt inn i etterkrigstidi.

Sluttordet

I alle dialektar er slagg, og mange pyntar seg med slagget.Og trur det er so hævt.

Kristofer Uppdal

Lån og innskot?

SPØR OSS!

Kreditkassen gir deg ein total gjennomgang av din økonomi. Lån og innskot er viktige delar av familieøkonomien.

Våre løysingar er tilpassa din familiesituasjon.

KREDITKASSEN
Distriktsbank Hordaland
Allehelgens gt. 2, 5016 Bergen - Telefon 55 21 86 00